

Handlingsplan for 2025



To tidlegare kollegaer, markante fagfolk og kulturpersongheiter gjekk bort i 2024. Elisabeth Kværne og Ingar Ranheim sette djupe spor etter seg, ikkje minst som læremeistrar for unge musikarar og dansarar. Dei var ambassadørar for den levande tradisjonskulturen. Dei verka i det lokale, men prega kulturlivet i heile Noreg.

Innhold

1. Innleiing
2. Rammer og styringsverktøy
3. Økonomi og administrasjon
4. Museumsfagleg arbeid og utvikling
5. Tiltaksplan 2025

Innleiing

Valdresmusea er ei moderne bedrift med 25 tilsette og ei omsetning på 23 mill. kroner (2023). Med det følgjer plikter om god økonomistyring og planar for museumsfagleg drift og utvikling.

Tiltaksplanen speglar det økonomiske handlingsrommet. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av Stortinget og andre bidragsytarar, i tillegg til dei inntektene som museet skapar sjølv.

Arbeidsplanen følgjer opp ambisjonane og målsettingane slik desse er uttrykt gjennom styret sin strategi. Arbeidsplanen følgjer òg opp dei måla som styresmaktene ber oss følgje særleg opp, og elles dei pliktene som følgjer av avtaleverk, tilskottsbrev og samarbeidsavtaler.

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008. For 2024 auka dette med ytterlegare 1 mill. kroner og utgjer frå 2025 i underkant av 15 mill. kroner. Det statlege tilskottet utgjer 78 % av det offentlege tilskottet. Ser ein bort frå Nasjonalmuseet og fem andre museum med særlege nasjonale oppgåver, plasserer dette Valdresmusea i øvste sjiktet (nr. 5) for statleg finansiering.

Det kommunale tilskottet utgjer 7 % av det offentlege tilskottet. Dette er det sjuande svakaste i landet. Eit mål for styret må vere at dette tilskottet aukar. Utan auke vil ein ikkje kunne ta på seg nye oppgåver. Det samla offentlege tilskottet (stat, fylkeskommune og kommune) er i 2025 på 18,7 mill. kroner.

Totalbudsjettet er på 24,2 mill. kroner og viser eit budsjettert resultat på 240 000 kroner.

Straumkostnadane var svært høge i 2022. I 2023 fall desse ned att på eit normalnivå og for 2025 budsjetterer ein med straumkostnadar på 400 000 kroner. Det har vore stabile KLP-kostnadane i fleire år og for 2025 er desse budsjettert til 2 mill. kroner.

Med prosjektmidlar får museet realisert ei rekke tiltak. Prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i museet sitt budsjett. Det er flott, men det betyr at det ikkje ligg inndeckning for dei faste kostnadane – som aukar, i dei faste tilskotta – som ikkje aukar like mykje. Fleire prosjekt går mot ei slutt i 2025. Utan nye prosjekt vil det ikkje vere mogleg å halde oppe aktiviteten som i dag.

Prosjektmidlar utgjer saman med billettinntekter, kursinntekter, leigeinntekter og sal av varer og tenester dei *eigenskapte* inntektene. I 2025 er desse inntektene budsjettert til 2,5 mill. kroner.

Dei siste åra har Kulturdepartementet bede ein prioritere arbeidet med mangfald og inkludering. I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport i 2023, har Stortinget forsterka forventningane om at musea må legge betre til rette for dialog, inkludering og mangfald, særleg overfor minoritetar og urbefolkningsgrupper. Saman med Sametinget og Saemien Sijte på Snåsa vil Valdresmusea i 2025 formidle historia om Lussi Kant (–1944) på Valdres Folkemuseum.

Innsatsar på dette området romar i tillegg «Ung i debatten», eit demokratilæreprogram for elevar i den vidaregåande skulen. «Ung i debatten» er støtta av Sparebankstiftelsen DNB og blir i 2025 vidareført med eit fornya tilskott frå stiftinga på 3 mill. kroner.

Styret vedtok i 2021 å løfte støling og hyttekultur som satsingsområde. I 2022 fekk museet 2,6 mill. kroner frå Kulturdirektoratet til tiltak på dette området. «Eit skigardsdele», som er namnet på prosjektet, går over tre år og skal bidra til auka kunnskap om forvaltning av utmarka. Prosjektet blir til i samarbeid med Randsfjordmuseet, Lillehammer Museum, Gudbrandsdalsmusea og Anno Museum.

Valdresmusea har òg prosjektmidlar til istandsetting og antikvarisk restaurering. Med støtte frå UNI Stiftelsen (200 000 kroner) og Kulturdepartementet (1 mill. kroner) blir det gjennomført tiltak på Frigstadplassen på Valdres Folkemuseum og Stabel-bygningen på Bagn Bygdesamling. Tiltaket på Stabel-bygningen blir ferdigstilt hausten 2024 medan tiltaket på Frigstadplassen blir ferdigstilt våren 2025. Eit anna viktig prosjekt på dette området er handverkssatsinga «Kloke hender – unge talent», som er ei handverkssatsing for barn og unge.

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 vart det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på Fagernes og ein handverkar i 40 % stilling i Hedalen. Handverkaren på Fagernes har redusert stillinga si til 40 %. Derfor blir det i 2025 tilsett ein ny handverkar i 100 %. Ein òg halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

Med auka rammer frå staten blir det for fyrste gong tilsett ein forskar i 100 % stilling.

Pandemien skapte store utfordringar for museumssektoren, men utanlandsmarknaden er no på veg tilbake. I 2024 er det berre ein liten vekst i salet av billetter, og ein vel derfor å budsjettere dei same inntektene også for 2025, kr. 830 000.

Fagernes 13. desember 2024

Ole Aastad Bråten
Direktør

Rammer og styringsverktøy

Valdresmusea skal overhalde norske lover og internasjonale konvensjonar som staten har slutta seg til, til dømes UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Valdresmusea skal følgje ICOM sitt etiske reglement. Ein ny museumsdefinisjon vart vedteke av ICOM i 2022.

Tildelingsbrevet frå staten representerer det sterkaste offentlege styringssignalet og blir sendt kvart år etter at statsbudsjettet er vedteke i Stortinget. Tildelingsbrevet omtalar dei økonomiske rammene og krav til rapport og måloppnåing. Statstilskottet er i 2025 kr. 14 950 000. Av dette er i overkant av 5 millionar kroner øyremerka drifta av NBF.

Ein strategi er styrets viktigaste styringsverktøy. I 2022 fekk ein på plass ein strategi for museet for perioden 2022–2030. Strategien meislar ut forventningar til framtidig drift og utvikling, og den drøftar tilgangen til kompetanse og økonomiske ressursar. NBF utarbeider i 2024 og 2025 sin eigen strategi. I 2025 blir det òg utarbeidd ein strategisk femårsplan for Bautahaugen Samlinger.

Samarbeid og nettverk

Valdresmusea har avtale med Kulturdepartementet om drift av Norsk institutt for bunad og folkedrakt, og Valdres Natur- og Kulturpark om det regionale utviklingsarbeidet. Ein har avtale med Innlandet fylkeskommune om bygningsvern og privatarkiv, og Vestre Slidre kommune om drift av Garbergfeltet.

Valdresmusea samarbeider med museumsvennelag på Fagernes og i Hedalen, med Valdres historielag, Valdres slekthistorielag, Stiftelsen Frydenlund og andre frivillige organisasjonar.

Valdresmusea har avtale med Randsfjordmuseet om samarbeid på fleire område. Samarbeidet har stor verdi i seg sjølv, men er også eit svar og eit alternativ til dei stadige forventningane om ytterlegare konsolidering. Valdresmusea har godt samarbeid med dei andre musea i Innlandet, og drøftar i 2024 og 2025 mogleg framtidig samarbeid med Stiftelsen Lillehammer Museum om fjernlagring av kulturhistoriske gjenstandar.

Valdresmusea deltek i seks museumsnettverk og driv eitt av dei, Drakt- og tekstilnettverket. Dei andre nettverka er Fotonettverket, Musikknettverket, Kulturlandskapsnettverket, Mangfaldsnettverket og Nettverk for bygningsvern.

Stortingsmeldingar

Ei ny museumsmelding vart lansert i 2021. Denne seier at musea må prioritere forskning, og arbeidet med mangfald og inkludering. Den oppmodar òg til samarbeid med aktørar utanfor museumssektoren.

For Valdresmusea vil vere viktig å hegne om dei nasjonale oppgåvene. Det er dei som gir museet ein plass i det nasjonale museumsfelleskapen og som sikrar auka tilskott til drift og investering. Det vil òg vere viktig å følgje tilgangen til ressursar gjennom det nye kyrkjebevaringsprogrammet.

Økonomi og administrasjon

Omfattar økonomi, drift, sikring og personal

Valdresmusea skal vere ein dynamisk organisasjon med høg kompetanse og godt arbeidsmiljø. Det er eit mål at Valdresmusea skal vere den mest ettertrakta kulturarbeidsplassen i Valdres. Skal ein behalde posisjonen som det fremste museet i arbeidet med levande tradisjonskultur, må ein sikre seg dei beste folka. Administrasjonen skal i 2025 utarbeide ein plan for rekruttering og kompetanseheving.

Spissing av profil og konsolidering omkring dei nasjonale oppgåvene har vore viktig for omdømet til museet. Det har òg auka tilgangen til økonomiske ressursar – noko som har gjort arbeidet ved museet rikare og meir mangfaldig. Kravet til auka eigeninntening har òg ført til tettare samarbeid med privat sektor. Tiltak finansiert med prosjektstøtte i 2025:

- Samfunnsrolleaktørprogrammet «Eit skigardsdele»
- Demokratilæreprosjektet «Ung i debatten»
- Handverkssatsinga «Kloke hender – unge talent»
- Rehabilitering av Frigstadplassen
- Kurs i eldre handverksteknikkar

Det er dei offentlege tilskotta som ber økonomien i museet. Av det samla offentlege tilskottet utgjer det kommunale tilskottet cirka 7 %, det fylkeskommunale cirka 17 %, og det statlege tilskottet 78 %. Det statlege tilskottet omfattar òg det øyremerka tilskottet til NBF.

Sentrale oppgåver for administrasjonen i 2025 er:

- Følgje opp styret og styresmaktene
- Følgje opp dialogen med kommunane om ny driftsavtale
- Følgje opp oppgåver på området HMS og personal
- Følgje opp leverandørar, samarbeidspartar, system og driftsavtaler
- Følgje opp implementeringa av saksarkivsystemet Documaster
- Følgje opp prosess for etablering av flaumvern

Arbeidet med budsjett og økonomikontroll er forankra i leiargruppa med jamleg rapportering til styret, samt gjennomgang og kontroll av prosjekt, resultat og prognosar.

Museumsfagleg arbeid og utvikling

Omfattar forskning, formidling, forvaltning og fornying

Den museumsfaglege innsatsen følgjer dei fire f-ane; forskning, formidling, forvaltning og fornying. Frå Kulturdirektoratet får Valdresmusea særleg god tilbakemelding for arbeidet med formidling, men også forskings- og forvaltingsinnsatsen har vorte styrka dei siste åra.

Dei fire satsingsområda representerer tradisjonelle emne som i liten grad er fanga opp av andre museum. I arbeidet med satsingsområda tek museet eit *nasjonalt* og *internasjonalt* ansvar.

Bunad og folkedrakt, folkemusikk og folkedans, bygningsvern og støls- og hyttekultur er dei fire kulturhistoriske satsingsområda til museet. I tillegg er mangfald, samfunnsrolle, inkludering, berekraft og immateriell kulturarv viktige område som KUD ber ein jobbe særskilt med. Med utvida rammetilskott frå 2024 er det eit mål at museet skal levere høg kvalitet på desse områda.

Berekraft, mangfald og samfunnsrolle

Dei siste åra har det meldt seg forventningar til at musea skal ta eit større samfunnsansvar. Med dette meiner vi ei kritisk drøfting av dei posisjonane, praksisane og førestillingane som musea og samfunnet styrer etter. Her har Valdresmusea bana veg og bidrege til utvikling av sektoren. Dei siste åra har tema som mangfald og utanforskap, og emne råka av konflikt og usemje prega noko av arbeidet vårt. Utstillinga «Fargerike fellesskap – kvitt raseri» utfordrar førestillingar om nasjonen som ein homogen fellesskap.

I etterkant av Sannings- og forsoningskommisjonen sin rapport i 2023, har Stortinget forsterka forventningane om at musea i større grad må legge til rette for dialog, inkludering og mangfald, særleg overfor minoritetar og urbefolkningsgrupper. Saman med Sametinget og Saemien Sijte på Snåsa vil ein i 2025 formidle historia om Lussi Kant (–1944) på Valdres Folkemuseum.

Musea er del av demokratiets infrastruktur. Men demokratiet funkjar ikkje om ikkje alle kjenner seg heime i det. Derfor har musea ei viktig oppgåve i å gjere seg til ein heim for alle, og musea skal ta vare på minne etter alle menneske. Dette er Valdresmusea sitt utgangspunkt i arbeidet med mangfald og representasjon. Korleis kan til dømes skeive liv og kvardagar bli del av arbeidet ved Valdresmusea? I 2025 set Valdresmusea i gang eit arbeid med dokumentasjon og formidling av historia etter handelspioneren Ingebjørg T. Robøle (1892–1986) frå Vestre Slidre.

Sjølvberging og naturforvaltning er stikkord for studie av eldre kultur. Dei siste åra har berekraft segla opp som diskusjonstema og stadig fleire spør korleis musea kan bidra med kunnskap og innsikt i desse spørsmåla. Forvaltning av naturressursar er òg ein del av denne tematikken. På dette området møter ein gjerne store interesse motsetningar. Valdresmusea driv prosjektet «Eit skigardsdele». Det nye prosjektet «Futura Ruralia», som skulle vere ei vidareføring av «Eit skigardsdele», fekk dessverre ikkje tilslag hjå Kulturdirektoratet.

For Valdresmusea er sosial berekraft ein viktig dimensjon i alt vi gjer. For Valdresmusea er målet å drive arbeidet med respekt for einskildmenneske og gode museumstradisjonar. Arbeidet skal vere relevant og tilgjengeleg for alle, uavhengig av sosial og økonomisk bakgrunn.

Immateriell kulturarv

I 2007 ratifiserte Stortinget UNESCO-konvensjonen om immateriell kulturarv. Denne legg føringar for arbeidet med denne delen av kulturarven. Gjennom tildelingsbrevet har musea plikt til å gjennomføre tiltak på dette området. I Noreg er det Kulturdirektoratet som koordinerer det nasjonale arbeidet.

Valdresmusea arbeider for å realisere måla med konvensjonen. Saman med organisasjonar og enkeltpersonar bidreg museet til å sikre livsvilkåra for småe kulturelle ytringsformer. Dette gjeld særleg for folkemusikken, folkedansen, folkemusikkinstrumenta, bunaden og handverka

Arbeid med bygningsvern handlar ikkje berre om å ta vare på kulturminne, men òg om sirkulær-økonomi, gjenbruk av bygningsdelar og forlenga levetid på bygg. Vidareføring av tradisjonskunnskap kan mellom anna føre til at vi blir betre til å reparere i staden for å kjøpe nytt.

Saman med ei rekke organisasjonar har NBF bidrege til nominasjon av den norske bunadbruken til UNESCO si representative liste. På UNESCO sitt møte i desember 2024 vart både bunaden og setertradisjonane skrive inn. Som ein del av markeringa for innskrivinga skal NBF utarbeide og gjennomføre ei rekke tiltak, aktivitetar og arrangement i 2025.

Opgåver i arbeidet med mangfald, samfunnsrolle og immateriell kulturarv i 2025:

- Berekraft: Gjere rehabiliteringa av Velkomstbygget til forbildeprosjekt innfor berekraft
- Berekraft: Drive samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele»
- Berekraft: Oppstart miljøsertifisering
- Mangfald: Drive demokrati- og mangfaldsprosjektet «Ung i debatten»
- Immateriell kulturarv: Gjennomføre kurs i eldre handverksteknikkar
- Immateriell kulturarv: Vidareutvikle formidlingstilbodet i friluftsmuseet
- Immateriell kulturarv: Halde fram produksjonen av langeleikar, hardingfeler og strenger
- Immateriell kulturarv: Drive ungdomssatsinga «Kloke hender – Unge talent viser veg»
- Immateriell kulturarv: Markere innskrivinga av bunadbruken på UNESCO-listene

Forsking

Omfattar forskingstid til utvalde medarbeidarar og utvikling av prosjekt.

Forskinga ved museet skal legge grunnlaget for arbeidet med innsamling og dokumentasjon, utstillingar, publikasjonar og rekonstruksjon av bunader og historiske musikkinstrument. Målet med forkinga er å utvikle dei tre satsingsområda gjennom ny kunnskap. Gjennom forking legg ein vinn på å formidle nye perspektiv og komplekse samanhengar. Dette er avgjerande dersom museet skal leve opp til rolla som kritisk og relevant samfunnsaktør.

Valdresmusea har eit lite og ivrig forskingsmiljø med bakgrunn i faga etnologi og kunsthistorie. Museet har ein tilsett med NMF- autorisasjon. I 2025 blir det tilsett ein forskar med doktorgrad.

Forskinga ved Valdresmusea spring ut av kjeldearbeidet i arkiva og samlingane, kompetansen hjå dei tilsette og arbeid på satsingsområda folkemusikk og folkedans, og bunad og folkedrakt. Ved Norsk institutt for bunad og folkedrakt held dei fram arbeidet med styrka ressursar frå 2019.

I 2025 vil ein ferdigstille ein publikasjon med erfaringar frå samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele». Publikasjonen vil romme nokre forskingsbaserte tekstar. Ein vil òg ferdigstille boka «Valdres i ei brytningstid» om tema frå jernalder, vikingtid og mellomalder.

Som følgje av nytilsettinga vil ein òg starte opp eit forskingsarbeid på området stavkyrkje, dette i tilknytning til forvaltninga og formidlinga av kyrkje- og mellomalderhistorie i Valdres.

Valdresmusea er òg tilknytt NIBIO sitt beiteforskningsprosjekt «Endringer i utmarksbeiting og setring – årsaker, virkninger og tiltak», og UiO sin søknad for støtte til forskningsprosjektet «Crisolation», som handlar om sosiale og kulturelle utfordringar på bygda i Noreg.

Forskinga ved Valdresmusea i 2025 omfattar:

- Følgje opp ny førstekonservator (100 %)
- Følgje opp arbeidet med plan for forking (VM og NBF)
- Produsere to vitenskaplege artiklar (NBF og VM)
- Delta i GIFT-prosjektet, leia av NMF, med fagartikkel om Frigstadplassen
- Delta i jernforskningsprogrammet «Smijernsbeslag frå norske mellomalderkyrkjer»
- Delta i etterutdanningsløp ved Universitetet i Bergen og arkivstudie ved NTNU
- Gjennomføre fire feltarbeid (NBF)
- Gi ut boka «Valdres i ei brytningstid» på Novus Forlag
- Følgje opp Skakke folkedrakter med oppstart for liknande satsing i Skotland

Formidling

Omfattar programmering, utstilling, arrangement, kurs, seminar, omvising, rådgjeving, publisering, skuleformidling, kommunikasjon, merkevarebygging, butikk og sal.

Med formidling skal vi nå eit breitt publikum med variert kunnskap og ulike opplevingar, bidra til fysiske og digitale besøk, fremje dialog og kritisk refleksjon, bidra til rekruttering i tradisjonskultur, og skapa ringverknadar for menneske og samfunn – lokalt og nasjonalt.

Valdresmusea er ein viktig møteplass i arbeidet med levande tradisjonskultur, ikkje minst i formidling av folkemusikk, folkedans, bunadbruk og bygningsvern. Sommarsesongen med formidling av tradisjonshandverk, folkemusikk og folkedans gir ringverknadar for rekrutteringsarbeidet og for spreiding av kunnskap og gode opplevingar.

Arbeidet med utstillingar blir av Kulturrådet omtala som modig når det kjem til val av tematikk, og museet viser evne til å formidle kritiske perspektiv og komplekse samanhengar. Arbeidet med utstillingar skjer på lokalt og nasjonalt nivå.

Med foredrag, kurs, seminar og konsertar har museet markert seg lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Aktiviteten er omfattande og rommar eit spekter av uttrykk. Det nasjonale avtrykket ser ein i slikt som fagseminar, handverkskurs, Valdres sommersymfoni, Hemsing-festivalen og Jørn Hilme-stemnet. Sidan 2009 har museet skipa til 130 handverkskurs. Kursa er populære og har samla over 1200 deltakarar.

Ikkje alle kjenner seg heime på musea og mange livshistorier har vore vanskelege å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om *kven* ein set i sentrum for formidlinga og korleis ein kan nå *fleire*. Med ei variert rekke foredrag og fleire utfordrande prosjekt som «Eit skigardsdele», «Ung i debatten» og det årlege Oktoberseminaret, gjer Valdresmusea eit forsøk på å nå fleire, og å fagleg drøfte spørsmål som mangfald, representasjon, makt, deltaking og demokrati.

Prioriterte formidlingstiltak i 2025 er:

- Utarbeide formidlingsplan
- Prioritere tiltak knytt til utvandrarjubileet, UNESCO-innskrivinga og samiske kulturminne
- Arrangere foredrag, konferansar og seminar
- Arrangere handverkskurs for vaksne, barn og ungdom
- Vidareutvikle handverksformidlinga
- Styrke innsatsen med arrangement på BB og BS
- Produsere utstilling om Lucie Kant og sørsamisk kultur i Valdres (VFM)
- Arrangere skuleformidling med tema lokalhistorie, handverk, demokrati og mangfald

Forvaltning

Omfattar arbeid med historiske gjenstandar og arkiv, bygningsvern og skjøtsel.

Samling og arkiv

Valdresmusea forvaltar store samlingar. Desse representerer ein tradisjonell bygdekultur og er skapte med utgangspunkt i ein eldre innsamlingspolitikk. Samlingane er flotte i seg sjølv, men manglar gjerne breidde og samfunnsmessige representasjon. Arkiva romar større sosial og kulturell variasjon, og utgjer ein meir heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Samlingar og arkiv høyrer til samfunnets viktigaste kulturelle kapital, og representerer minnet til innbyggjarane i Valdres. Valdresmusea skal sikre ei berekraftig forvaltning av samlingane og arkiva på dei tre avdelingane. Innsamlingspolitikken skal sikre brei samfunnsmessig representasjon og styrking av satsingsområda. Forvaltninga skal bidra til sikker bevaring og vidareføring av kulturarv og tradisjonskunnskap.

Valdresmusea forvaltar den største samlinga kulturhistorisk materiale i Valdres; 29 000 gjenstandar, 107 historiske bygningar og 26 andre kulturminne, 700 papirarkiv, 16 000 lydfiler, 100 000 nasjonale draktregistreringar, 100 000 historiske foto og 300 000 dokumentasjonsfoto. Det er god framdrift i arbeidet med å registrere og digitalisere samlingane og arkiva.

I 2021 starta Valdresmusea eit samarbeid med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av historisk lyd-, film- og fotomateriale. Dette arbeidet held fram i 2025. Viktige tiltak i 2025 er:

- Inntak, ordning, registrering og avhending av foto, arkiv og gjenstandar
- Berekraftig gjenstandsregistrering ved alle avdelingar
- Samarbeide med Nasjonalbiblioteket om digitalisering og deponering av foto
- Utarbeide revisjon av magasinforhold for Valdres Folkemuseum

Bygningsvern

Valdresmusea har lenge hatt behov for dedikerte handverkarar. I 2023 vart det tilsett ein handverkar i 100 % stilling på Fagernes, og ein handverkar i 40 % stilling i Hedalen. Handverkaren på Fagernes har redusert stillinga si til 40 %. Derfor blir det i 2025 tilsett ein ny handverkar i 100 %. Ein òg halde fram med å kjøpe tenester på dette området.

I 2021 fekk Valdresmusea ein million kroner i eingongsstøtte til restaureringstiltak på stølsområdet på Valdres Folkemuseum. Tiltaket tok til hausten 2022 og skal vere ferdig våren 2025. I 2024 får ein styrkt tilskottet frå staten med ytterlegare ein million kroner. Deler av dette tilskottet vil bli nytta til gjennomføring av taktiltaket på Stabel-bygningen på Bagn Bygdesamling.

På Bagn er dei fleste av bygningane elles i god stand. På Valdres Folkemuseum og Bautahaugen er fleire av husa sett opp utan at gamle skader vart reparert. Andre viktige tiltak på friluftsmuseet er gjerding og skjøtsel av kulturlandskapet. Prioriterte tiltak i 2025:

- Ferdigstille alle på Frigstadplassen, VFM (rapport KUD)
- Gjennomføre diverse tiltak på Øydgardsselet, VFM
- Legge midlertidig undertak på Handeloftet, VFM
- Reparere taket på Tvingestølen, VFM
- Ferdigstille tiltak på fjøset frå Lehøvd
- Ferdigstille tiltak på seterbuva frå Svartfjell
- Ferdigstille alle tiltak på Stabelbygningen, BB
- Ferdigstille låven på Brakadokka, (fundamentering og jekking), takrenner og panel
- Kartlegge tilstanden for grunnmuren under Brakadokka, få oversikt over kostnad
- Tekke taket på hestevandringa (i etterkant av «Hans»)
- Lage takoverbygg over kjerre ved hestevandringa

Sikring

Arbeid med sikring handlar om å redusere risiko for skade for besøkande og tilsette, og å hindre skade på anlegg og historiske verdiar. Ei sikringsgruppe gjennomfører årleg risikokartlegging.

Prioriterte tiltak i 2025:

- Ferdigstille ROS-analyse for Bautahaugen Samlinger
- Prosess for etablering av flaumvoll på Valdres Folkemuseum
- Belysningstiltak i Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum

Fornyning

Omfattar utvikling og fornying av system, infrastruktur, samarbeid og rutinar.

Gjennom museumsnettverka og i samarbeid med andre aktørar skal Valdresmusea bidra til utvikling av sektoren. Valdresmusea og Innlandsarkiva har i fleire år vore i dialog med Senter for folkemusikk og folkedans og Nasjonalbiblioteket om nytt fagsystem for folkemusikkarkiva. Vi held fram dialogen og prosjektet også i 2025.

Evna til fagleg utvikling er styrd av dei til ein kvar tid tilgjengelege økonomiske ressursane. Det har lenge vore eit signal frå myndigheitene at dei offentlege tilskotta ikkje vil auke, og at musea derfor må styrke dei eigenskapte inntektene. Valdresmusea har i 2024 drive eit nettverk for kulturbedrifter med støtte frå Innovasjon Norge og vil halde fram med eit hovudprosjekt i 2025.

Prioriterte oppgåver i 2025 er:

- Halde fram kulturnæringsverket med søknad om prosjektmidlar frå Innovasjon Norge
- Halde fram dialogen med Nasjonalbiblioteket om ny digital infrastruktur for lydarkiva
- Implementere arkivsystemet Documaster

Detaljert tiltaksplan

1. Administrasjon

- Følgje opp styret og eigarane
- Følgje opp KUD og fylkeskommunen (mellom anna med budsjettsøknad 2026)
- Følgje opp kommunane og dialogen om ny fireårig driftsavtale
- Følgje opp oppgåver på HMS- og personalområdet
- Følgje opp leverandørar, samarbeidspartar, system og driftsavtaler
- Følgje opp rehabiliteringa av Velkomstbygget på Valdres Folkemuseum
- Følgje opp implementeringa av saksarkivsystemet Documaster
- Følgje opp vedtak om revisjon vedtektene for Valdresmusea
- Fornye mal for arbeidsavtalar for tilsette og vikarar, og avtalar for frivillige
- Følgje opp utgreiing/revisjon av magasinforhold
- Følgje opp prosess for flaumsikring
- Følgje opp øvrig sikringstiltak

2. Kulturhistorisk avdeling

- Utarbeide prosjektsøknadar
- Følgje opp utviklingsoppgåver på arkivområdet (Innlandsarkiva og Nasjonalbiblioteket)
- Følgje opp Nasjonalt nettverk for drakt og tekstil (NBF) og deltakinga i dei øvrige nettverka
- Følgje opp dei regionale museumsnettverka Museumsforum Innlandet
- Følgje opp samarbeidsavtala med Randsfjordmuseet
- Følgje opp høyringssvar og fagpolitisk arbeid
- Følgje opp samarbeidet med festivalar, vennelag og andre samarbeidspartnarar

Forskning

- Følgje opp ny førstekonservator (100 %)
- Følgje opp arbeidet med plan for forskning (VM og NBF)
- Produsere to vitenskaplege artiklar (NBF og VM)
- Delta i GIFT-prosjektet, leia av Norsk Folkemuseum, med fagartikkel om Frigstadplassen
- Delta i jernforskningsprogrammet «Smijernsbeslag frå norske mellomalderkyrkjer»
- Delta i etterutdanningsløp ved Universitetet i Bergen og arkivstudie ved NTNU
- Gjennomføre fire feltarbeid (NBF)
- Gi ut boka «Valdres i ei brytningstid» på Novus Forlag
- Følgje opp Skakke folkedrakter og dialog med Nasjonalmuseet og museum i Skotland

Formidling

- Utarbeide formidlingsplan
- Prioritere tiltak knytt til utvandrarjubileet, UNESCO-innskrivinga og samiske kulturminne
- Skrive og publisere kronikkar, meiningstoff og debattinnlegg
- Styrke den digitale formidlinga (nettutstillingar frå fotoarkivet og gjenstandssamlinga)

- Produsere innhald til heimeside, DM, Arkivportalen, Facebook, Instagram, YouTube
- Produsere og formidle følgjande utstillingar:
 - Lucie Kant og sørsamisk kultur i Valdres (VFM)
 - Luca Berti, portrett og landskap (VFM)
 - Kua (VFM)
 - Langeleiken, heile Noregs instrument, rehabilitering (VFM)
 - Fornminna på Storøya, skilt (VFM)
 - Natursti, skilt (VFM og BS)

Arrangement og museumsaktivitetar

- Gjennomføre arrangere, konsertar, foredrag, temakvelder, aktivitetar, omvisingar
- Utvikle museet som møtestad for unge musikarar, dansarar og handverkarar (VFM)
- Vere medarrangør av Jørn Hilme-stemnet, Valdres sommersymfoni og Landbruksdagen
- Utvikle samarbeidet med frivilligheita

Kurs og opplæring

- Drive handverkskurs for vakse
- Drive «Kloke hender – unge talent» for barn og ungdom
- Drive demokratilæreprogrammet «Ung i debatten»
- Gjennomføre ulike tilbod i Den kulturelle skulesekken
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk ski- og skimakerforening
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk utvandrer museum
- Gjennomføre skuletilbod saman med Norsk seterkultur
- Gjennomføre to samlingar i kursrekka Bunadopplæringa (NBF)

Intern fagleg kompetanseheving

- Vidareutvikle og gjennomføre opplæringskurs for sommartilsette og i stavkyrkjene
- Vidareutvikle opplæringskanal for formidling og arbeidsrutinar på lukka heimesideområde
- Delta på relevante fagsamlingar
- Arrangere tur til Bevaringstenestene/Museumssenteret i Hordaland
- Styrke kompetansen i folkedialog, intervju- og filmproduksjon

Seminar og fagdagar

- Gjennomføre markeringar knytt til Utvandrarjubileet, samarbeid med VFAS
- Gjennomføre Oktoberseminaret, skeive tematikkar og perspektiv, samarbeid med RF
- Gjennomføre avslutningskonferanse i prosjektet «Eit skigardsdele»
- Gjennomføre seminar i samarbeid med Norges museumsforbund og Norsk seterkultur
- Gjennomføre seminaret «Smijernsbeslag frå norske mellomalderkyrkjer»
- Gjennomføre markeringar og formidling knytt til UNESCO-innskrivingane (bunad og støl)
- Gjennomføre Fagdagar i bunad og folkedrakt (NBF)
- Gjennomføre samling nettverkssamling i Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil

Informasjon, marknadføring og sal

- Produsere skilt og reklamefoldarar for alle avdelingar
- Produsere pressemeldingar og annonser, jf. eigen plan
- Drive sals- og marknadsfremjande tiltak på sosiale medium, i aviser og relevante tidsskrift
- Vidareutvikle nettbutikk

Aktiv samhandling

- Følgje opp samfunnsrolleprogrammet «Eit skigardsdele»
- Følgje opp samfunnsrolleaktørprosjektet «Futura Ruralia», førebels ikkje tilskott
- Følgje opp demokratilæreprosjektet «Ung i debatten 2.0»
- Søknad om støtte til prosjekt «Anna og Erling Stordahl», Arkivsikringsmidlar
- Søknad om støtte til prosjekt «Ingebjørg T. Robøle», kulturvernmidlar

Regionalt samarbeid

- Styrke samarbeidet om stavkyrkjeformidling
- Styrke samarbeidet med opne stølar
- Vidareføre kulturnæringsnettverket og Innovasjon Norge

Samling

- Registrere totalt 200 gjenstandar i Primus og publisere 200 registreringar på DM
- Drive langsiktig registrering av gjenstandar på Bautahaugen samlinger
- Drive langsiktig registrering av gjenstandar på Bagn Bygdesamling
- Drive langsiktig registreringsarbeid i samarbeid med frivillige på Valdres Folkemuseum
- Registrere og ordne alle gjenstandane i minst eitt rom ute i friluftsmuseet (VFM)
- Overhalde inntaket av gjenstandar til eit minimum (helst under 20 enkeltobjekt)
- Sikre gode oppbevaringsforhold i utstillingane (VFM)
- Overvake oppbevaringsforholda i magasin (VFM, BB, BS)

Fotoarkiv

- Forberede innsending av fotosamlingar til Nasjonalbiblioteket (Neste-samlinga)
- Registrere og publisere 600–1000 foto
- Gjennomføre innsamlingskveldar

Privatarkiv

- Fortløpande ta imot og forsvarleg bevare, ordne og registrere innkomne arkiv
- Halde auga opne for arkivmateriale etter lite dokumenterte grupper
- Publisere 50 arkiv på arkivportalen.no (arkivnivå)
- Delta på samlingar ved Innlandsarkiva

Lydarkiv

- Samarbeide med Nasjonalbiblioteket om digitalisering av lyd
- Lage langsiktig plan for dokumentasjon av Lokalkappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Ordne og registrere nye opptak
- Eksportere og lagre data i KulturNav frå Fiol i samarbeid med Innlandsarkiva og KulturIT
- Legge til rette for elevar, lærarar og studentar som spelar og studerer folkemusikk
- Følge opp lokal tilskottsordning for folkemusikk- og folkedansproduksjonar

Dokumentasjonsarbeid/feltarbeid

- Dokumentere eit utval av dagens yngre og eldre utøvarar i folkemusikkmiljøet
- Dokumentere Valdreskappleiken og Jørn Hilme-stemnet
- Dokumentere instrumentmakarar i samarbeid med ekstern filmfotograf
- Filme og publisere minst to foredrag og dei fleste seminara
- Produsere og publisere minst to dokumentasjonsfilmar om handverk og tradisjon
- Foreta fire lengre feltarbeid ulike stader i landet (NBF)

Bibliotek

- Rydde i boksamlinga for å frigjere plass (VFM)

Instrumentverkstaden

- Produsere ei hardingfele og to langeleikar
- Utføre 100 reparasjonar og vedlikehalde Dextra Musica-instrument
- Produsere 3000 instrumentstrengar

3. Antikvarisk avdeling

Valdres Folkemuseum

- Oppstart ny handverkar (100 %)
- Ferdigstille restaurering av stove på Frigstadplassen (pipe og tak)
- Legge tak og utbetre roteskadar på stallen på Frigstadplassen
- Legge tak på fjøset på Frigstadplassen
- Gjennomføre diverse tiltak på Øydgardsselet
- Legge midlertidig undertak på Handeloftet
- Reparere taket på Tvingestølen
- Reparere taket på Galdebergsbua
- Ferdigstille restaurering av vindauge på Nystogo
- Måle glas på Peisestuen
- Gjennomføre tiltak på fjøset frå Lehøvd
- Gjennomføre tiltak på seterbua frå Svartfjell

Antikvarisk, Bagn Bygdesamling

- Vedlikehold av vindauger og utdør på Stabelbygningen
- Reinske tak for mose
- Vurdere tak på stabbur frå Nedre Bagn, eventuelt legge om dette
- Rydde opp etter takarbeid på Stabelbygningen

Bautahaugen Samlinger

- Ferdigstille låven på Brakadokka, (fundamentering og jekking), takrenner og panel
- Kartlegge tilstanden for grunnmuren under Brakadokka, få oversikt over kostnad
- Tekke taket på hestevandringa (i etterkant av «Hans»)
- Laga takoverbygg over kjerre ved hestevandringa

- Ordinær skjøtsel og anna førefallande, alle avdelingar
- Fornye skigardar og gjerde, alle avdelingar
- Dokumentere alle tiltak i FDV-modul i Primus og NS 16096:2012

Arenautvikling

- Utvikle «Uteplass for leik» (Sparebankstiftelsen DNB)
- Delta i «Møteplass for tradisjonshandverk» (Fortidsminneforeningen)